



Stupetårnet på badestranda i Korsneset har vore eit samlingspunkt i sommar.

Det landskjende stupetårnet i Hamar fekk ein kostnad på nær 30 mill. kroner. Uskedalen sitt svar er stupetårnet i Korsneset til ein kostnad på kr. 20.000,-. Jan Berntsen og Oddmund Soldal i Korsneset Vel er handverkarane og arbeidet er gjort på dugnad. Alt til neste sommar vert installasjonen truleg bygd på frå i dag 3 meter til 5 meter høgde.

Oddmund Soldal fortel til Uskedalen.no at det har vore ein flåte i stranda. Fortøyningane var defekte. Flåten vart teken på land. No er det støypt to kraftige lodd som held flåten trygt på plass. Dermed var det å byggja stupetårn. Arbeidet vart gjort i vårhalvåret og gjort klar for sjøsetjing til badsesongen byrja.

Stupetårnet har i dag ei høgde på 3 meter. Dersom det er stabilitet, vert tårnet bygd på til neeste år. Då vert stupehøgda 5 meter. Dessutan skal det monterast ei sklie på den eine sida.

Korsnes Vel tek alle kostnader med stupetårnet. Ei fin og tilrettelagd badestrånd er eit viktig trivselsfremjande tiltak i byggefeltet og elles for dei som finn vegen til det kommunale friområde i Korsnes.

Det har så langt ikkje vore opningsmarkering for stupetårnet, men det vert til neste sommar, då med ein endå større installasjon.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal